

Kontrollutvalet i  
Suldal kommune

KONTROLLUTVALET SI  
ÅRSMELDING  
FOR 2010

---

---

## **1. INNLEIING**

---

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

---

## **2. MEDLEMENE I UTVALET**

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2007-2011 har Suldal kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

**Faste medlemmer**

Einar Schibevaag - leiar  
Kjersti Johnsen - nestleiar  
Kjell Magnar Amdal

**Vararepresentant:**

Anbjørn Vaage

Kjell Magnar Amdal er medlem av kommunestyret..

---

## **3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2010**

---

Kontrollutvalet har i 2010 hatt 5 møte fordelt på tre møte første halvår og to møte andre halvår. Møta i kontrollutvalet er lukka i tråd med kommuneloven § 77 nr 8.

Utvalet har handsama 20 saker.

---

## **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER**

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom å sjå til at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

### **4.1 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved gjennomgang av tertialrapportar og orientering frå rådmannen. I dette året har ein fleire gonger blitt orientert om IKT-samarbeidet i Ryfylket samt at utvalet har hatt særskilt gjennomgang av anbodsprosessen rundt kjøp av brøytetenester.

## **4.2 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk.

I møte 11.5.10 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2009 og gav i møtet sin uttale til årsrekneskapen.

I kontrollutvalet sin uttale blei det mellom anna peika på følgjande:

- Kontrollutvalet har i sitt vedtak i samband med årsmeldinga og rekneskapen for 2009 gitt uttrykk for at informasjonen i årsmeldinga tidlegare år har vore for omfattande. Årsmeldinga for 2009 er på mest 90 sider, 15 sider meir enn året før.
- At administrasjonen ikkje tar kommunestyret sitt vedtak på alvor finn kontrollutvalet som uheldig.
- Informasjonen som kjem fram i meldinga kan virka tilslørande, og ikkje avklarande og lett tilgjengleg som styringsverktøy for dei folkevalde.
- Kontrollutvalet meiner det er viktig å gjere greie for dei mål som er sett for verksemda, midlar som er sett til rådvelde og resultat av det arbeidet som er utført. Utvalde og klare nøkkeltal for drifta bør i tillegg underbyggje dette.
- Kontrollutvalet har og tidlegare peika på at plan for årsmelding og rekneskapsavslutning må strammast opp for å sikre ei god og sunn økonomiforvalting i kommunen. Ikkje i år heller har økonomiarbeidet kome i hamn etter den planen som var lagt.
- Kontrollutvalet er kjent med at økonomisistema kommunen nyttar har gjeve administrasjonen utfordringar. Likevel meiner utvalet at kommunestyret bør drøfte korleis økonomifunksjonen i kommunen kan styrkjast.
- Kontrollutvalet har elles merka seg at dei ulike ansvarsområda for 2009 har notert seg kommunestyret sine merknader om å betre budsjettdisiplinen innanfor eigne budsjettområde.
- Utover dette og det som kjem fram i revisjonsmeldinga har kontrollutvalet ingen merknader.

Suldal Elverk KF sin årsrekneskap for 2009 blei gjennomgått i same møte. Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til rekneskapen til Suldal Elverk KF.

Skatterekneskapen for 2009 vart lagt fram til orientering i møte 22.2.10.

## **4.3 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Etter tilråding frå kontrollutvalet har kommunestyret godkjent plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2008-2011.

Utvalet har dette året handsama forvaltningsrevisjonsrapport innkjøp. Rapporten vart handsama i kommunestyret den 23. mars sak 12/10

#### **K-012/10 VEDTAK:**

*Kommunestyret sluttar seg til forvaltningsrapport for innkjøp i Suldal kommune og vil peika på følgjande forhold som gjeld rutinar og arbeid knytt til innkjøp:*

1. *Rapporten viser at Rådmannen og styret i elverket ikkje har hatt eit tilfredstilande fokus på og oversikt over rutinane for innkjøp i organisasjonane sine. Dette er kritikkverdig, og praksisen som er avdekkja kan ha ført til økonomiske tap for Suldal kommune.*
2. *Det er avgjerande viktig at rådmannen og styret i elverket syter for at det ikkje førekjem bindingar mellom innkjøpar og den som kommunen inngår avtalar med.*
3. *Kommunestyret stiller spørsmål med om det er heldig at same selskap står for prosjektering, prosjektleiing og byggjeleiing når anleggsoppdrag skal gjennomførast.*
4. *Gjeldande innkjøpsreglement bør evaluerast. I dette arbeidet bør ein og vurdera nytten av innkjøpssamarbeidet ein er ein del av kontra å etablera eit regionalt samarbeid som har fokus på at eit regionalt næringsliv blir konkurransedyktig.*

Rapporten vil bli følgd opp i 2011.

#### **4.43 SELSKAPSKONTROLL**

Kommunelova pålegg også kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Kontrollutvalet har lagt fram sitt framlegg til plan for kommunestyret, som godkjende planen i samsvar med kontrollutvalet si innstilling.

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført selskapskontroll i 2010.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å gjennomføra ein eigarskapskontroll hjå Rygjatun Eigedom AS. Vedtaket er ikkje sett i verk og vil bli følgd opp i 2011.

#### **4.5 TILSYN MED REVISOR**

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Suldal kommune er med i ei interkommunal revisjonsordning (interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27) saman med kommunane Bokn, Etne, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Suldal kommune har inngått avtale med Haugaland kommunerevisjon om revisjonstenester som gjeld fram til 31.12.2011.

Styret for Haugaland kommunerevisjon har lagt fram sak om samanslåing med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Denne saka har vore handsama av kontrollutvalet og utvalet har gitt innstilling til kommunestyret om å godkjenna samanslåinga. Saka vart handsama i kommunestyret den 23. mars. Kommunestyret slutta seg til samanslåinga og godkjente vedtekten. Vidare påla kommunestyret kontrollutvalet å sikre at kommunen fekk lovleg revisjonsordning dersom samanslåinga ikkje kom på plass innan 30.06.2010.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte og revisjonen har deltatt på alle kontrollutvalet sine møte i 2010.

#### **4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL**

Kontrollutvalet handsama hausten 2010 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2011. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatsstenester og kontrollutvalet sine eigne utgifter var på kr 695.000.

#### **4.7 SEKRETARIAT**

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2010 ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgs-sekretariat IKS.

---

### **5. OPPSUMMERING**

---

2010 har vore eit år med normal aktivitet .

\*\*\*\*

Sand, 18. Mars 2011

Kjersti Johnsen  
(Sign)

Einar Schibevaag  
leiar  
(Sign)

Kjell Magnar Amdal  
(Sign)